




# Kyrkjeblad

FOR ÅSKVOLL

Nr. 1 Påske 2026 | 104. ÅRG.



*Vi ynskjer alle  
ei velsigna påskehøgtid!*



# Andakt

Når eg skriv denne andakta er vi komne til 6. mars. Vi har lagt ein stabil og kald vinter bak oss, og går no mot lysare og varmare tider. Det var litt spesielt i år, for det kjentest som at våren kom akkurat i det vi bikka mars. Det vart mildare, og isen begynte å smelte til og med på tunet vårt, som ligg ein del meter høgare over havet enn kyrkjekontoret i Askvoll.

Tida går fort, og om fire veker er vi inne i påske-veka. I Norge kan mange få ein oppfatning om at det er jula som er den store høgtida. For det er på julaften at vi har dei største besøkstala i kyrkja, og det er denne høgtida det er knytt mest tradisjonar til. Men det er eigentleg påska som er den store høgtida. For det er gjennom det som skjer i påsketida at trua vår vert skikkeleg definert. Tek vi ein titt på truvejdkjenninga, ser vi det ganske tydeleg. Truvejdkjenninga er delt inn i det vi kallar for trusartiklar. Den første handlar om Gud Fader, og er veldig kort. Den siste handlar om Den heilage ande og er litt lengre, men likevel ein kort trusartikkel. Det er trusartikkelen i midten, som handlar om Jesus Kristus, som er den mest omfattande trusartikkelen. Etter at den innleiar med at Jesus er Guds son og at han er født av Maria møy, går trusartikkelen rett på påskefortellinga. Det står at Jesus vart pint under Pontius Pilatus, at han både vart krossfest, døydde og vart gravlagd. Og ikkje nok med det, han var heilt nede i dødsriket, før han stod opp frå dei døde tredje dagen og deretter for opp til himmelen. For at vi skulle få moglegheita til å verte tilgjevne for alle våre synder og få tilgang på det evige livet, måtte Jesus igjennom denne smertefulle og heftige prosedyren.

Sjølv om vi feirar påske kvart einaste år, er det likevel sterkt å tenke på kor langt Jesus var villig til å gå, for å redde kvar og ein av oss. Og den seinare tida har eg tenkt på kor fin takkebøn ein ber i gudstenesta etter at ein har feira nattverd i lag. Der står det nemleg at:

*Vi takkar deg, visdoms Gud, for den djupe løyndomen i ditt måltid: Brødet vi har brote, er eitt. Son din har gjeve sitt liv for òi verd og òi menneskeslekt.*

Vi menneske likar gjerne å finne ut kva som skil oss frå andre menneske. Då er det så godt å lese denne takkebøna, der det står at Jesus har gjeve livet sitt, ikkje for den og den menneskeslekta, men for heile menneskeslekta, som er òi menneskeslekt. Det er noko å tenke på i desse tider.

Så er det opp til oss om vi vil ta imot denne generøse gåva eller ikkje.

**Ragnhild**



# Krevjande sesong for gravplassvedlikehaldet

Soknerådet ønskjer å gjere merksam på at vi frå denne våren og sommaren vil få merkbar reduksjon i vedlikehaldet på alle gravplassane i soknet. Årsaka er lågare kommunale overføringar for 2026, noko som gir oss klart mindre midlar til drift enn tidlegare år. Dette er ikkje ei utvikling vi ønskjer, men ei tilpassing vi er nøydd til å gjere.

Sjølv om rammene er tronge, vil Askvoll kyrkjegard bli klippa som i fjor, med bruk av robotklippar gjennom sesongen. Dessverre vert 50%-stillinga som kyrkjegardsarbeidar ståande vakant heile året, men vi har noko vedlikehaldsressurs i ei mindre kombinert stilling som dekkjer både Holmedal og Askvoll, og denne vil bli nytta så langt kapasiteten rekk. Ein mindre pott på kr 100.000,- er sett av i budsjettet til sesongarbeid for å avhjelpe situasjonen noko. Likevel må vi vere ærlege på at midlane

ikkje er tilstrekkelege til å halde ein standard som vi vanlegvis ville strekt oss etter, og fleire gravplassar vil difor kunne framstå som mindre stelt enn vi er vane med.

Vi ber om forståing for situasjonen. Gravplassane skal gjerne vere vakre og velstelte, og det er beklagelig at vi ikkje kan levere den kvaliteten vi ønskjer denne sesongen.

Samtidig vil vi svært gjerne ta imot frivillig innsats frå dei som har moglegheit og ønskjer å bidra. Dugnad kan vere med på å sikre ein betre standard og lette trykket i ein vanskeleg situasjon. Ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret om du kan tenkje deg å bidra.

Takk for forståing og støtte i ei utfordrande tid for gravplassforvaltninga.

**Wenche Ness Gabrielsen**

# Fasteaksjonen 22.-24. mars – Håp i ein drope vatn

22.-24. mars går den årlege fasteaksjonen til Kirkens nødhjelp av stabelen. I Askvoll sokn kjem confirmantane hovudsakleg til å gå med bøsse tysdag 24. mars, med mindre dagen passar veldig dårleg og dei må gå ein anna dag i mars. I Bulandet/Værlandet har dei fått dispensasjon til å gå mandag 9. mars, sidan dei er på leirskule i perioden då fasteaksjonen går av stabelen.

Fasteaksjonen har eksistert i over 50 år, og vatn har vore eit hovudfokus i meir enn 20 år. Ein av grunnane til at dei har fokusert så mange år på vatn, er fordi det har så mange positive ringverknader å gje folk tilgang på reint vatn. Når folk får tilgang på reint vatn i ein landsby gjennom ein god landsbybrønn, resulterer det i at folk held seg friskare. Pengar dei kanskje brukte på medisinar før, kan brukast til andre ting. Når folk er friske, kan dei jobbe meir og gå meir på skulen. I mange landsbyar er det jentene sitt ansvar å hente vatn, og nokre brukar opptil åtte timar kvar dag. Ved å ha vatn lett tilgjengeleg, kan desse jentene heller bruke tida si på å gå på skulen.

Så vi håpar de tek vel i mot confirmantane når dei ringer på døra di. Viss du vil gje ei gåve no når du les om dette, kan du gje gjennom:

**Vipps** – skriv nummeret «2426»

**SMS** – skriv «VANN» og send til nummeret «2426»

**Fasteaksjonskonto:** 1594.22.87493



# Barnefestivalen 2026



Dei minste skulle hente dåpsduer på Duesleppet, og dei var flinke til å ta med seg større søsken, foreldre og besteforeldre.

I år var det barnefestival for heile soknet 7. - 9. februar med forskjellige tiltak for forskjellige aldersgrupper. Det var veldig kjekke dagar med mange kjekke born «på besøk».

På laurdag var det først Dueslepp. Og då kom borna som skulle få med seg heim dåpsduene sine, og dei hadde med seg søskene, foreldra og besteforeldra.

Etter duesleppet var det Tårnagentene som visste kor flinke dei var med å løyse mange oppgåver, spele på kyrkjeorgelet og synge salmar.

Om kvelden var det Kyrkjekaraoke, der ein kunne velge mellom nesten 30 songar og bruke mikrofon for å synge sin song.

Søndag starta med tur saman med Barnas Turlag i Askvoll. Etter turen var det Barnefestivalgudsteneste i Askvoll kyrkje med masse song, musikk, litt dans og bevegelsar. Prosjekt barnekoret i Askvoll deltok både med solosong og lese forbønn tekstar.

Etter alle arrangementa på laurdagen og barne-gudstenesta på søndagen var det hyggestundar med kjeks, frukt, saft, kaffi, te, bollar, kaker, som kyrkjelydsutvala i Askvoll og Holmedal hadde laga til. Tusen takk til alle!

På søndag kveld fekk vi besøk av Kirkerottene som kom til oss med forteljinga om Viggo i tårnet. Det var stas.



Kirkerottene kom på besøk til borna i Askvoll også i år, og koste seg på Barnefestivalen.



Tårnagentene lagar ID-kort med runealfabetet og fingeravtrykk!



Sidsel Anita fortel om dåpen og kyrkjerommet til dei igrige Tårnagentene.



For første gong hadde vi kyrkjekaraoke i Askvoll. Sidsel Anita hadde full kontroll som vår lokale karaokemaster!



Turborevene er klare for tur!

#### Tips til Barnefestivalen?

Om nokon som var med på eit eller fleire av arrangementa på Barnefestivalen har forslag, tips eller idèar til kjekke ting vi kan finne på til neste år, kan dåke gjerne kontakte meg. Vi blir taknemleg for det.



Store og små er også klare for tur Prestegarden rundt!



Det er fint å ha med bamse i kyrkja



Det var både Småtroll-Trall og Stortroll-Sprell med song, leik og rytme for borna i Røverompa barnehage.



På barnefestivalgudstenesta, fekk borna lov å hjelpe Ragnhild prest med preika.



På barnas «kyrkjekaffi» høyrer frukten med!

Siste dagen, på måndag førmiddag, fekk vi besøk frå Askvoll barnehage både dei minste og større. Det var først Småtroll-trall for dei minste og så Stortroll-sprell for dei største borna. Dette var konsertar der borna fekk høyre Ellen-Marie Tveit på songar og pianomusikk frå meg.

Etter barnefestivalen hadde vi eit evalueringsmøte med folk som hadde vore med på forskjellige tiltak. Vi tok fram tilbakemeldingar, kommentarar frå folk, vår eigne tankar for å betre organiseringa til neste gong. Og eg gler meg allereie no til Barnefestivalen 2027.



**Sabina**

Her vart eg døypt i fjor!

# Eit konfirmantår er snart omme



No er snart konfirmantåret omme til det første konfirmantkullet og har hatt som prest i Askvoll sokn. Det var ikkje lenge etter at eg begynte å jobbe som prest at det gjekk slag i slag med konfirmantpresentasjon i dei ulike kyrkjene. Då vi vel var ferdige med konfirmantpresentasjonane, bar det i veg til Nesholmen på hausttreff. Det var nok ein del som var spente på om det kom til å bli kjekt, inkludert meg, men eg oppfatta det slik at både konfirmantar og vaksne tykte det vart ei kjekk helg. Då fekk eg òg høve til å lære meg namna på konfirmantane, som har vore veldig nyttig resten av konfirmantåret. Ein del undervisningskveldar har det blitt, og vi har hatt både lysmesse og temagusteneste. Begge desse gudstenestene-formene har gått veldig fint. I tillegg har konfirmantane delt ut salmebøker og program på vanlege gudsteneste, hjelpe til med å bere kross og dåpsmugge når det har vore dåp, og halde lys på kvar side av meg når eg har lese evangelie-teksten. No er det berre fasteaksjonen og ein undervisningskveld igjen før konfirmantane skal konfirmerast. Så tida går fort!

Om konfirmantane kan eg seie at eg av og til lurar på om dei får med seg det eg seier, men dei er ein positiv og hyggeleg gjeng, så eg synest det har vore kjekt å vere konfirmantpresten for dei. Det har òg vore ein trygghet å ha undervisninga i lag med Knut Arne, som er prest i Fjaler. Han har mange års erfaring med konfirmantar, og det er alltid kjekt å kunne vere to.

Personleg syns eg høgdepunktet dette konfirmantåret var hausttreffet i fjor haust. Det var nydeleg haustvær den helga, og vi hadde mange kjekke aktiviteter på hausttreffet, som unge vaksne i KFUM-KFUK stod for. Vedlagt ser de nokre glimt frå den helga. Så er det berre å ønske alle konfirmantane og konfirmantforeldre lukke til med den store konfirmantdagen seinare i vår!

**Ragnhild**



# Sunnfjord Gravferdsbyrå

Vi vil på beste måte hjelpe dykk som pårørende, med alt som høyrer ei verdig gravferd til.

**Blomstertorget A/S**  
Dale Senter • 6963 Dale i Sunnfjord  
Telefon 57 73 98 00 • Mobil 975 21 569  
[www.blomstertorget.no](http://www.blomstertorget.no)

**Fjordane**  
BEGRAVELSESBYRÅ

## NÅR DU MISTER EIN DU ER GLAD I

Å ta kontakt med eit gravferdsbyrå for å få råd om vegen vidare kan vere ein god måte å starte prosessen. Vi ønskjer å stå til teneste med råd, rettleiing og praktisk hjelp i planlegging av gravferda. Vi kan kontaktast alle dagar, heile døgnet.

**FLORØ**

Døgnbemanna telefon: 57 74 31 36  
Markegata 42, 6905 Florø  
E-post: [post@fjordan.no](mailto:post@fjordan.no)

**FØRDE**

Døgnbemanna telefon: 57 82 70 30  
Lindbøen 2, 6809 Førde  
E-post: [post@fjordan.no](mailto:post@fjordan.no)

[www.fjordan.no](http://www.fjordan.no)

# Velkommen til gudsteneste



## ASKVOLL KYRKJE

**Torsdag 2. april kl. 19.00**  
Gudsteneste skjærtorsdag  
Offer til Olset bedehus

**Fredag 3. april kl. 19.00**  
Meditasjonskveld langfredag

**Søndag 5. april kl. 14.00**  
Gudsteneste påskedag  
Offer til Askvoll kyrkje

**Søndag 26. april kl. 11.00**  
Konfirmasjonsgudsteneste  
Offer til kyrkjebladet

**Søndag 17. mai kl. 10.00**  
Gudsteneste  
Offer til Leger uten grenser

**Søndag 24. mai kl. 14.00**  
Gudsteneste pinsedag  
Offer til Kyrkjelydens misjonsprosjekt

**Søndag 28. juni kl. 11.00**  
Gudsteneste  
Offer til Laurdagsklubben

**Søndag 2. august kl. 14.00**  
Friluftsgudsteneste ved  
Korssundkrossen.  
Felles gudsteneste for Fjaler og Askvoll

**Søndag 30. august kl. 14.00**  
Gudsteneste med  
konfirmantpresentasjon



## HOLMEDAL KYRKJE

**Søndag 22. mars kl. 11.00**  
Gudsteneste  
Offer til Skilbrei ungdomssenter

**Lørdag 4. april kl. 22.00**  
Kveldsgudsteneste påskeaftan

**Lørdag 25. april kl. 10.00**  
Konfirmasjonsgudsteneste  
Offer til trusopplæringa

**Søndag 17. mai kl. 11.15**  
Gudsteneste  
Offer til Holmedal kyrkje

**Søndag 5. juli kl. 14.00**  
Gudsteneste

**Søndag 23. august kl. 14.00**  
Gudsteneste med  
konfirmantpresentasjon



## VILNES KYRKJE

**Torsdag 2. april kl. 17.00**  
Gudsteneste skjærtorsdag  
Offer til Kirkens Bymisjon Bergen

**Lørdag 25. april kl. 13.30**  
Konfirmasjonsgudsteneste  
Offer til Vilnes kyrkje

**Søndag 21. juni kl. 11.00**  
Gudsteneste  
Offer til trusopplæringa

**Søndag 30. august kl. 11.00**  
Gudsteneste med  
konfirmantpresentasjon



## BULANDET KAPELL

**Onsdag 18. mars kl. 18.00**  
Salmekveld i kapellet

**Søndag 5. april kl. 10.15**  
Gudsteneste påskedag  
Offer til Mercy Ships Norge

**Lørdag 2. Mai kl. 10.00**  
Konfirmasjonsgudsteneste  
Offer til Bulandet kapell

**Søndag 7. Juni kl. 10.15**  
Gudsteneste  
Offer til Kirkens SOS Bjørgvin

**Søndag 9. august kl. 10.15**  
Gudsteneste

**Søndag 6. september kl. 10.15**  
Gudsteneste med  
konfirmantpresentasjon



## KVAMMEN KAPELL

**Søndag 29. mars kl. 11.00**  
Gudsteneste palmesundag  
Offer til kyrkjebladet

**Søndag 3. mai kl. 12.00**  
Gudsteneste  
Offer til trusopplæringa

**Søndag 24. mai kl. 11.00**  
Gudsteneste pinsedag  
Offer til Gravferdskappe i Kvammen

**Søndag 5. juli kl. 11.00**  
Gudsteneste

**Søndag 23. august kl. 11.00**  
Gudsteneste med  
konfirmantpresentasjon

## VÆRLANDET BEDEHUSKAPPELL

**Palmesøndag 29. mars kl. 10.30**  
Gudsteneste

**Søndag 30. august kl. 10.30**  
Gudsteneste

Sjå oppdaterte  
gudstenestelister på:  
[kirken.no/askvoll](http://kirken.no/askvoll)

# Kyrkjelege handlingar

## GRAVLAGDE

### VÆRLANDET

03.12.2025 Harald Kristoffer Ytrøy f. 1940

### HOLMEDAL

14.12.2025 Aud Karin Hegrenes f. 1953  
08.01.2026 Håkon Vik f. 1940  
04.02.2026 Hanne Mjåseth f. 1993

### ASKVOLL

05.01.2026 Snefrid Margrethe Moldestad f. 1934  
07.01.2026 Jan Sverre Svendsen f. 1952  
03.02.2026 Nils Kristian Berg f. 1930  
03.02.2026 Martin Steinsland f. 1956

### VILNES

06.03.2026 Edith Gjervik f. 1928

### STONGFJORDEN

07.03.2026 Maria Julia Lagomarsino f. 1959

## DØYPTE

### ASKVOLL

03.01.2026 Tobias Langeland  
18.01.2026 Erling Larsen Strand

### KVAMMEN

04.01.2026 Julie Aalen

### HOLMEDAL

22.02.2026 Vidar Follevåg Stølen

## VIGDE

### ASKVOLL

04.01.2026 Bodil Helen Fauske og Eirik Aalen

## VÅRENS KONFIRMANTAR

### HOLMEDAL KYRKJE 25. APRIL KL. 10.00

Mali Mjanger Furevikstrand  
Maria Mjanger Furevikstrand  
Isak Mjanger Furevikstrand  
Embrik Haga Fridtun  
Olai Sagosen Haugsvær  
Tarjei Vårdal Nesberg  
Tiril Rivedal Åsnes  
Ingrid Oline Stenseth-Langeland  
Tonje Wik-Tønder

### VILNES KYRKJE 25. APRIL KL. 13.30

Sofie Mjåseth Hårklau  
Vilja Vines  
Hedda England

### ASKVOLL KYRKJE 26. APRIL KL. 11.00

Kristian Hansen Dalsøren  
Alfred Frøholm Klausen  
Lucas Moldestad Johansen  
Albert Helle Lindenskov  
Nathalie Linéa Kilnes Frøholm  
Åsmund Rege Fjermestad  
Aksel Ryland  
Håvard Ådlandsvik

### BULANDET KAPELL 2. MAI KL. 10.00


Eirik Fedøy  
Amalie Halsøy  
Jonathan Hillersøy  
Isak Andreas Fedøy Nikøy  
Elena Fedøy Norheim  
Olivia Nótt Fedøy  
Arian Tuan Kjæmpenes

### VÆRLANDET KAPELL 2. MAI KL. 12.00

Saga Leonora H. Landøy  
Jan Semchenko

### KVAMMEN KAPELL 3. MAI KL. 12.00

Pernille Larsen Gjelsvik  
Tea Langeland Hegrenes  
Tim Langeland Hegrenes  
Rebekka Kvalheim  
Johannes Reiakvam Kvammen  
Lone Hestvik Osland  
Nathalie Hestvik Såtendal  
Ola Unemo  
Karoline Veiesund  
Tilde Aalen



Returadresse: Askvoll kyrkjekontor, Boks 14, 6988 Askvoll

**Dåp**  
**– ein god start på livet**

Vi får ikkje lenger informasjon om nyfødde barn. Difor får vi ikkje sendt ut dåpsinvitasjon til nybakte foreldre, slik vi gjorde før.

Ta kontakt om du ynskjer dåp!  
Send epost til [post.askvoll@kyrkja.no](mailto:post.askvoll@kyrkja.no), eller ring mobilnr.918 74 724

**DEN NORSKE KYRKJA**  
Askvoll sokn



## DEN NORSKE KYRKJA

### Askvoll

**KYRKJEVERJE**  
Rune Ziener  
✉ [rz459@kyrkja.no](mailto:rz459@kyrkja.no)  
☎ 479 63 319

**KYRKJESEKRETÆR**  
Hildegunn Helleset  
✉ [sekretaer.askvoll@kyrkja.no](mailto:sekretaer.askvoll@kyrkja.no)  
☎ 918 74 724

**PREST**  
Ragnhild Stav  
✉ [rs532@kyrkja.no](mailto:rs532@kyrkja.no)  
☎ 909 67 627

**KANTOR**  
Sabina Baylarbayova  
✉ [sb963@kyrkja.no](mailto:sb963@kyrkja.no)  
☎ 930 81 399

## VELKOMMEN TIL GUDSTENESTE I PÅSKA

### PALMESØNDAG

Kvammen kapell kl. 11.00

### SKJÆRTORS DAG

Vilnes kyrkje kl. 17.00

Askvoll kyrkje kl. 19.00

### LANGFREDAG

Askvoll kyrkje kl. 19.00

Meditasjonskveld 19.00

### PÅSKEAFTEN

Holmedal kyrkje kl. 22.00

### 1. PÅSKEDAG

Bulandet kapell kl. 10.15

Askvoll kyrkje kl. 14.00



# vipps

Betal gjerne kyrkjebladet på Vipps til

## 692979

Rettleiande kr 300,-

### ASKVOLL KYRKJEKONTOR

Postboks 14, 6988 Askvoll

Askvollvegen 398, 6980 Askvoll

Telefon: 918 74 724 · E-post: [post.askvoll@kyrkja.no](mailto:post.askvoll@kyrkja.no)

Heimeside:

Facebook: [www.facebook.com/kyrkjaiaskvoll](https://www.facebook.com/kyrkjaiaskvoll).

#### Kyrkjebladredaksjonen:

Rune Ziener (ans. red.), Hildegunn Helleset

**Leiar Askvoll sokneråd:** Wenche Ness Gabrielsen, tlf. 906 07 728

Org.nr. 976 996 267 • Bankkonto: 3740.15.57696

